



Vestland fylkeskommune Innovasjon og  
Næringsutvikling  
Att:  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

## Berekraftig verdiskaping - Uttale til høyring og offentleg ettersyn av regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033

Vi viser til brev frå Vestland fylkeskommune datert 25.01.2021 med høyring og offentleg ettersyn av regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033. Fylkeskommunen ynskjer innspel til planen og handlingsprogrammet.

Planen har tre hovudsatsingar:

- Grøn næringsutvikling
- Innovative og inkluderande samfunn
- Areal for næringsutvikling

For Fiskeridirektoratet sin del er positivt at areal for næringsutvikling er ei av hovudsatsingane, då det er stadig større press på sjøområda i Vestland, frå forskjellige hald. Det er gode strategiar som er valt ut for å nå temamål: Rett areal til rett føremål til rett tid.

Denne planen peikar på at det er behov for oppdatering av kunnskapsgrunnlaget, med vekt på sjø- og fjellareala. Vi ser elles dei same utfordringane med utdatert planverk, og behov for god regional samordning og støtte frå regionale styresmakter ovanfor kommunane når dei skal sette i gong prosessar med arealplanar. Det er viktig at de tek opp dette med reetablering og utnytting av ny industri utan nye naturinngrep. Klarering av store område på land der ein ikkje har ein god plan for bruk av overskotsmasse, vil vere uheldig for livet i havet, då ein i mange tilfeller legg opp til dumping av masser i sjø.

Handlingsprogrammet for 2021 har som hovudføremål å konkretisere og jobbe ut eit handlingsprogram for 2022-2025. Vi har forventningar til at det vert jobba med satsingar som sikrar ei god og kunnskapsbasert koordinering av arealbruken i sjø. Som nemnt i vårt brev til offentleg ettersyn av planprogrammet for innovasjon og næringsutvikling (datert 19.08.2020) må det vere rom for både fiskeri og akvakultur

langs kysten og i fjordane langs Vestland. For å kunne utnytte ressursane i havet på ein berekraftig måte, og samtidig ha vekst innanfor akvakultur må det sikrast betre kartlegging og meir samordning av arealbruk i fjordsystema. Marine økosystem må sjåast i ein heilskap, og det må vere balanse mellom bruk og vern. Handlingsplanen må vise korleis ein skal syte for betre kartlegging av sjøområda, kva for område som skal prioriterast og kvifor, kor mykje midlar som bør settast av og kven som skal finansiere kartlegginga.

Med helsing

Leni Marie Lisæter  
seksjonssjef

Ina Giil Solheim  
rådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.*



**Mottakarliste:**

Vestland fylkeskommune

Innovasjon og Næringsutvikling

Postboks 7900

5020

BERGEN

